


Bjergvin bispedøme.

Uggdal sokneråd

5685 Uggdal



Kultur- og kirkedepartementet,
Kirkeavdelingen,
Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo.

STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - HØYRINGSUTTALE.

GRUNNLEGGANDE PREMISSE.

Den norske kyrkja ønskjer å vera ei bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

Kyrkja deler sin historie med folket sin historie og vert på den måten det kulturelle fellesskapet ein nasjon treng.

Den norske kyrkja er, og skal vera, eit trussamfunn forankra i fellesskap bygd på dåpen og trua. Dåpen må framleis vera einaste krav for medlemskap. Den norske kyrkja er ei open folkekyrkje og må romma mangfald med hensyn til tradisjon og teologi.

Eit overordna prinsipp for trus- og livssynspolitikken må vera at det vert gitt rom for andre trus- og livssyn.

Trus- og livssynsfriheten handlar om enkeltmennesket sin rett til tru og trusutøving og til å delta i ein slik utan å bli diskriminert. Det handlar også om det enklte trussamfunn sin rett til å utforma sine ordningar ut frå sitt eige trusgrunnlag.

Trus- og livssynsfriheten må sikrast rettslig og ved ein reell likebehandling.

A. KYRKJEORDNING - I KVÅ LOV SKAL DEN NORSKE KYRKJA VÆRA
FORANKRA I ?

Me går inn for at Den norske kyrkja framleis skal vera forankra i Grunnlova. Ved eit event. skilje mellom stat/kyrkje er det fåre for at personar innan kyrkja kan få for stor makt, og kyrkja kan utvikla seg i konservativ retning. Dette gjeld ikkje minst hensynet til kvinnelege prestar.

Me ser det også slik at det er svært viktig å ha grunnlovfesta at den Lutherske lære skal vera statsreligion i Noreg.

B. STATEN SITT ANSVAR FOR EIN AKTIV STØTTANDE RELIGIONSPOLITIKK.

Sidan me går inn for vidare statskyrkjeordning går me inn for at staten sin politikk skal kvila på prinsippet om trus- og livs- synsfrihet, statskyrkjeordninga og prinsippet om likebehandling av trussamfunn, som no.

C. FINANSIERING AV DEN NORSKE KYRKJA.

Statskyrkjeordninga sikrar kyrkja økonomisk gjennom offentlege bevilgningar slik at den kan fortsetja å driva verksemd i heile landet. Kyrkja må vera sikra ein stabil økonomi.

Når det gjeld prinsippet om ein aktiv støttande religionspolitikk frå staten, må ein kunna rekna med at kyrkja også i framtida vert finansiert av det offentlege.

D. KYRKJEBYGGA.

Som ein fylgje av at Uggdal sokneråd går inn for statskyrkjeordninga, går me inn for at soknet også i framtida skal eiga dei lokale kyrkjebygga.

Ansvaret for vedlikehald og drift bør framleis vera kommunalt, men med heil eller delvis statlig finansiering.

Staten bør ha ansvar for drift og vedlikehald av alle freda og verna kyrkjebygg som er ein vesentleg del av landet sin kulturarv.

E. VALGORDNINGAR OG DEMOKRATI.

Me går inn for at sokneråda vert valde av medlemene i soknet, som idag. Fellesråd/prostiråd har same valordning som no. Me meiner at Kyrkjemøtet skal bestå av representantar frå kvart prosti/prostiråd. Kvar representant må vera medlem av eit sokneråd. Det er viktig at sakene som skal behandlast av kyrkjemøtet vert behandla lokalt først, slik at menigheten vert engasjert tidleg og representantane kan ha med seg synspunkt frå dei lokale menighetene han/ho representerer.

F. GRAVFERDSFORVALTINGA.

Me går inn for at ordninga som gjeld idag fortset. Dei siste 10 åra har Kyrkjeleg fellesråd hatt ansvaret for gravferdsforvaltninga, noko som har fungert svært bra. Det er ikkje registrert noko ynskje i folket om å flytta ansvaret over på kommunane. Når det gjeld nemninga gravplass istadenfor kyrkjegard skulle det vera greit. Det er eit ord som også vert brukt i dialekten her. Me har ikkje diskutert spørsmålet om å vigsle felt istadenfor heile kyrkjegarden.

G. ØVRIGE SPØRSMÅL.

ARBEIDSGJEVARANSVAR.

Dette spørsmålet har me ikkje teke stode til, då dette er spørsmål som må utgreiast meir.

Handsama i Uggdal sokneråd 26. oktober 2006.

Med helsing

for Uggdal sokneråd
Gunnlaug Skår
Gunnlaug Skår

Kopi til Kirkerådet.

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Uggdal sokneråd, 5685 Uggdal*

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/~~kirkelig fellesråd~~/~~bispedømmeråd~~
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Det er viktig at det vert gitt rom for andre leve- og livssyn.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare